

ventar, har eller har hatt felles barn. Dersom grunnen til samlivsbrotet er at den eine sambuaren døyr, er det tilstrekkeleg med felles folkeregistrert adresse på dødsfallstidspunktet. Hugs å leggje ved nødvendig dokumentasjon. [Les meir om dokumentavgift ved samlivsbrot.](#)

- **Arv etter lova**, jf. stortingsvedtaket § 2 f).

Ved overføring av fast eigedom i samband med eit dødsfall, vil det ikkje bli fastsett dokumentavgift når eigedomen blir overført til lovbestemte arvingar. Dette gjeld også ved utdeling frå uskifta bu. Forskot på arv blir ikkje rekna som arv etter lova og gir ikkje fritak. Arv som følgje av avkall eller avslag på arv blir ikkje rekna som arv etter lova og gir ikkje fritak. Testamentsarv som overstig arveparten etter lova gir heller ikkje fritak, med mindre testamentsarvingen overfører eigedomen vidare same dag. [Les meir dokumentavgift ved arv.](#)

- **Arv frå uskifta bu**, jf. stortingsvedtaket § 2 f).

Dersom ein attlevande ektefelle eller sambuar som sit i uskifte ønskjer å overføre ein eigedom til ein av førstavdøde sine arvingar, kan mottakaren krevje dokumentavgiftsfritak for den arveparten som han har krav på etter førstavdøde. I slike tilfelle er det viktig å halde den attlevande ektefellen sin part av felleseiget utanfor, og hugse at ektefellen også er arving til ein part av eigedomen. [Sjå eksempel på korleis fritak for farsarv og morsarv vert utrekna.](#)

- **Testamentsarv som blir overskøyt vidare**, jf. stortingsvedtaket § 2 j).

Dei som er tilgodesette med ein fast eigedom i eit testament, må i utgangspunktet betale full dokumentavgift. Dersom ein testamentsarving bestemmer seg for å selje eigedomen eller gi den vidare til nokon andre, og heimelserklæring og skøyte blir tinglyste same dag, blir det berre utrekna dokumentavgift ein gong, sjølv om det i realiteten skjer to overføringar. [Les meir om dokumentavgift ved arv.](#)

- **Innløysing av festetomt**, jf. dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd.

Ved innløysing av festetomter, kan partane enten avtale ein innløysingspris, eller innløyse tomte til den prisen som følgjer av tomtefestelova. Hvis prisen er fastsett etter rettleiinga i [tomtefestelova § 37](#), kan denne summen oppgjevast som avgiftsgrunnlag for dokumentavgift i skøytet. Om partane derimot avtalar ein annan innløysningssum, eller blir einige om at festaren overtek tomte vederlagsfritt, må ein følgje hovudregelen og betale full dokumentavgift av tomtes salsverdi. [Les meir om innløysing og sletting av festerett.](#)

- **Første overføring av ein sjølvstendig og heilt ny bygning som ikkje er tatt i bruk**, jf. stortingsvedtaket § 3.

Ved første overføring av ein nyoppført bygning som ikkje er tatt i bruk, blir det berre betalt dokumentavgift av tomteverdien, ikkje bygningen. Bygningen må fullt ut vere nyoppført. Ombygging og påbygg blir ikkje godtatt. Dersom ein bygning er oppført på festa tomt, skal det ved første overføring ikkje betalast dokumentavgift i det heile. [Les meir om vilkår og spesielle reglar for bruk i inntil tre år i kapittel 3.9 i avgiftsrunskrivet frå Skattedirektoratet.](#)

- **Bygg under arbeid**, jf. stortingsvedtaket § 3.

Ved overføring av ein bygning som er under oppføring, skal du berre betale dokumentavgift av tomteverdien, ikkje bygningen. Dette gjeld utan avgrensingar om kor mange overføringar som vert gjort i perioden bygningen er under arbeid.

#### **Gåve til allmennyttige formål**, jf. stortingsvedtaket § 2 a).

Det skal ikkje betalast dokumentavgift for gåve til det offentlege, til stiftelsar og legat med allmennyttige formål, eller til foreningar med allmennyttige formål som har styresete her i landet. Dette gjeld både gåver som blir overførte med skøyte og gåver som er bestemt i testament. Det må gjerast ei konkret vurdering i kvar enkelt sak om det er fritak for dokumentavgift etter denne føresegna. Dei som meiner at dei fell inn under dette dokumentavgiftsfritaket, bør i eit følgjebrev gi ei kort framstilling for kvifor dei meiner fritaket skal gjelde i den konkrete saka. [Les meir om kva kriterium som blir lagt til grunn i kapittel 3.1 i avgiftsrunskrivet frå Skattedirektoratet.](#)

- **Oppløysing av sameige**, jf. stortingsvedtaket § 2 d).

Ved oppløysing av sameige, er det gitt fritak for dokumentavgift ved tinglysing av skøyte som fastset at sameigarar innvekslar tidlegare tinglyste ideelle sameigepartar med fysiske bestemte delar av ein eigedom. Dersom overskøytinga medfører verdiforskyving mellom sameigarane, skal det betalast dokumentavgift for den overskytande delen som ein sameigar får. Skøyter for overføring av sameigepartane må sendast inn samla, og